

ÅRSMELDING 2008

NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG

Årsmøtet for 2007 vart halde på Alver Hotel laurdag 19. april 2008.
Det var 24 personar til stades, 21 medlemsbedrifter var representerte.

Etter årsmøtet var det innlegg ved tidlegare redaktør i Strilen; Jon-Hallstein Tjore over temaet:

Nordhordland – ein stad for draumar?

Prisen til ”Årets bedrift 2007” gjekk til RadøyGruppen AS.
Den vart delt ut på årsfesten seinare på kvelden.

Medlemmer:

Betalande medlemmer pr 31.12.08: 227

pr 31.12.03: 124
pr 31.12.04: 134
pr 31.12.05: 181
pr 31.12.06: 212
pr. 31.12.07: 225

Nye medlemmer i 2008 : 13 (25 i 2007)
Utmeldingar i 2008 : 10 (12 i 2007 inkl. fusjonar)

Medlemstalet (pr 31.mars 2009) er no : **247**

På vår heimeside: www.nhil.no er oversikt over alle medlemmer.

Styret:

Lars Hellandsjø, formann
Lasse Ståløy, nestformann
Ivar K Johannessen
Øystein Hope
Asle Hindenes
Frode M Skaar
Jonny Titland
Ragnhild Langøy
Håkon Nesheim

Valnemnd:

Tor Iversen (formann), Arvid Sulen, og Øyvind Myhr

Revisor:

Trond Vetås, Ole Moen er varamann

Administrasjon:

Svein M Nordvik har sia 1. september 2004 vore dagleg leiar i laget. Elisabeth W Ness starta 1. april 2008 som næringsmedarbeidar i ei deltidstilling. Frå same tid begynte Svein M Nordvik i ny stiling i Mongstad Vekst AS. Det er inngått samarbeidsavtale mellom Mongstad Vekst og NHIL, slik at Svein M Nordvik og er dagleg leier i NHIL (ca 40 % stilling).

Styret har følgjande utval:**Arbeidsutval:**

Lars Hellandsjø (formann), Lasse Ståløy og Øystein Hope

Samfunns- og Næringsutval:

Frode M. Skaar (formann), Øystein Hope, Tor Iversen, Håkon Nesheim, Dagfinn Namtvedt, Asle Hindenes og Henning Haugland.

Aktivitetsutval:

Ragnhild Langøy (formann), Arvid Sulen, Roald Olsvold, Janne Hellebø, Odd Steinar Hals og Reidun Halland

Kompetanseutval:

Lasse Ståløy (formann), Jarleiv Haugland, Jonny Titland, Inge Alver, Magnus Kvingedal, Vidar Aasgård og Vivian Kårbø.

Energi- og Miljøutval:

Ivar K. Johannessen (formann), Lars Hellandsjø, Lise Reinertsen, Ruth Digre, Baste Tveito og Svein M. Nordvik

NHIL har vore representert slik i andre utval:

Det regionale Næringsutval:

Ivar K Johannessen. (nye regler i 2008)

Varamann: Tor Iversen

Kompensasjonsfondet: (ingen møte i 2008)

Øystein Hope og Ivar K Johannessen

Varamenn: 1. Tor Iversen, 2. Trond Helland

Styret for Opplæringskontoret for Nordhordland

Geir Kleppe

Styret i Mongstad Vekst AS :

Arnt Brandtun (styremedlem inntil sal av aksjar, mai 2008)

Styret i Lyngheisenteret AS:

Arnild Hatland (styremedlem)

Anna :

Formannen og dagleg leiar har representert laget i samband med møte lokalt og regionalt.

NHIL er medlem av Hordaland Olje og Gass (HOG) samt medlem av Næringsalliansen (samanslutning av 12 private næringsråd/lag i Hordaland)

Aktivitet:

I 2008 har det vore 9 styremøte og 5 medlemsmøte.

I tillegg kjem 2 møte i serien KVA NO? Styret har hatt 84 saker til handsaming.

Mykje av laget sitt arbeid har skjedd gjennom utvala.

Dei respektive utvala rapporterer om følgjande:

A. SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVALET:

Utvalet har arbeidd med følgjande saker:

1) Næringskonferansen 2009 (090909)

Næringskonferansen 2009 blir gjennomført 9. september, og arbeidet med program er i godt gjenge. Temaet i år blir ENERGI OG MILJØ. Arrangement har stor interesse fra målgruppene politikarar, næringsliv og offentlig etatar, vi forventar over 500 deltakarar.

2) Nordhordlandspakken

NHIL ønskjer betre vegar, dette er bl.a informert om til lokale politikarar og gjennom media. Sjølv om vi – som andre – ikkje ønskjer bompengar, ser vi at løysingar krev lokal deltaking for raskare gjennomføring. Difor har vi akseptert bompengar.

NHIL arbeidar for at Nyborgtunnelen blir tatt med i den nye bompengapakken, det er viktig å få formuleringar om bygging tatt med i NTP for 2010 – 2019.

Laget har også påpeika ovanfor Bergen kommune og Hordaland Vegkontor at det må etablerast reguleringsplan for vegtraseen i Åsane snarleg.

Det å være en pådrivar for realisering av desse planane blir framleis ei viktig oppgåve framover.

RV 57 parsell (forskottert Espeland – Herland) vart opna 22. januar 2008. Dette var en merkedag for regionen og NHIL. Utan forskotteringa på 70 Mkr hadde dette fortsett vore ein ”berg- og dalbane” med stor sikkerheitsrisiko.

3) Mongstad

NHIL er opptatt av utviklinga i heile Nordhordlandsregionen. Mongstad er regionens industrisenter. Dei næraste åra vil det pågå milliardinvesteringar på Mongstad, både knytte til kraftvarmeverket, raffineriet og testsenteret for CO2 fangstanlegg.

NHIL er opptatt av å få langvarige verknader og synergi av investeringane på Mongstad.

NHIL er opptatt av at Staten gjennomfører investeringane i storskala reinseanlegg for CO2 med deponeringsløyising.

Det blir arbeida med planar for ny storhamn i Bergensområdet, tidshorisonten er 15 – 20 år fram i tid. Mongstad er ein mogeleg stad i konkurranse med andre alternativ. Dette er viktig å følgja opp, Mongstad har mange gode føresetnadar for å bli vald.

4) Mongstad Vekst AS

NHIL selde i 2008 selskapet sin 10% eigarandel i Mongstad Vekst AS til BKK. Hensikta med eigarposten var å medverka til utvikling – det er innfridd.

Laget har diskutert og vurdert moglegheita for å etablera ein aktivitet som kan gje positive ringverknadar for medlemmane og Nordhordlandsregionen. Grunnlaget for dette er å nytte verdien av våre tidlegare Mongstad Vekst AS aksjar til å skape ny positiv aktivitet. Eit eige utval er oppnemnt for å vurdere saka nærare.

5) ”KVA NO” – møter og samarbeid

NHIL har gjennomført to møter med sentrale politikarar frå Nordhordlandskommunane. Primo juni gjennomførte laget eit møte mellom styret/næringsutvalet og ordførarane/rådmennene i Nordhordlandskommunane.

I november gjennomførte NHIL eit møte der kommunepolitikarar frå alle Nordhordlandskommunane var invitert. Temaet på møta var moglegheitsanalysen for Nordhordland og diskusjonar knytte til planar for næringsareal samt organisering av næringsutvikling i Nordhordland. Som et konkret resultat har NHIL utarbeida ein total overblikk over ledig areal i regionen. Denne ligg no på www.nhil.no.

I tillegg har NHIL også hatt møter med politisk og administrativ leiing i Regionrådet for Nordhordland og Gulen samt Lindås kommune om same sak.

NHIL synest dette har vore gode møter – det er viktig med god kontakt og dialog mellom næringsliv og lokale politikarar for å setja fokus på – og i størst mogeleg grad samordna aktivitetar og innsats som kan fremma ønska næringsutvikling og aktivitetar i regionen.

NHIL ønskjer at kommunane seg imellom i endå større grad kan etablera forpliktande samarbeidsløyisingar. Organisering og gjennomføring av arbeid med næringsutvikling samt overordna tilrettelegging av næringsareal for alle Nordhordlandskommunane er eksemplar.

6) SINTEF - rapport

Hordaland Fylkeskommune har i samarbeid med Hordaland olje – og gass (HOG) og Innovasjon Norge engasjert SINTEF til å utreda moglegheiter for vidare utvikling i

Nordhordland basert på dei investeringar som blir gjennomført på Mongstad. Dette arbeidet skal konkretiserast i 2009.

NHIL har engasjert seg i dette og deltatt på fleire møte om kva som bør vera fokusområde i tida som kjem i arbeidet.

Samfunns- og næringsutvalet takkar for innsatsen som mange har vore med på, og utvalet ser fram til det vidare arbeid til beste for næringslivet.

B. AKTIVITETSUTVALET:

Kommunikasjonsutvalet har i 2008 skifta namn til Aktivitetsutvalet og arbeidd med desse sakene:

1. Tryggare styring:

Formålet med leiarnettverket ”Tryggare styring” er å gjera deltakarane betre som leiarar. Dette skal utviklast gjennom 4 samlingar pr. år med eit fagleg innhald og i ei ramme som gjer det sosialt trivelig, slik at ein bygger nettverk.

Samlingane i 2008 var:

- 13.-14. februar : MARKNADSFØRING – korleis få frem bodskapen?
Ved høgskolelektor Morten W. Knudsen, BI
Bedriftsbesøk på TTS Marine ASA, Laksevåg
- 28.- 29. mai : FRA IDE TIL PRODUKT
Ved siv.ing. Tore H. Wiik
Bedriftsbesøk Tysse AS
- 17.-18 september : KVEN BLIR BEST? Leiartrend og leiarfilosofi
Ved høgskolelektorane Stein Lavik og Morten W. Knudsen
- 12.-13 november : JUSS PÅ ARBEIDSPLASSEN
Ved advokat Henry Horne, NHO
Besøk på Tinghuset i Bergen

Deltakarar i nettverket er normalt bedrifta sin daglege leiar, eventuelt ein plass-/avdelingssjef. Frå 1.1.2008 var talet på deltakarar 45. I 2008 har Asle Hindenes, Janne Hellebø og Henning Haugland vore talsmenn for nettverket. Meir om Tryggare Styring: www.nhil.no

2. Medlemsmøte

I 2008 har det vore 5 medlemsmøte:

- 24. januar : ”KORLEIS FÅ TIL EIT GODT LAGSPEL”
Lagspel og prestasjon på jobb og i fritid ved

Frode Kyvåg, Frekhaug Folkehøgskule

28. april "INTERNASJONAL REKRUTTERING"
Regelverk og erfaringsutveksling ved rekruttering
av utanlandsk arbeidskraft, Frekhaug Folkehøgskule
27. mai BEDRIFTSBESØK - FRANK MOHN MONGSTAD AS
Omvisning og orientering om den nyopna fabrikk
30. september "KVA SEIER GLASKULA?"
Kvar går vegen vidare i valuta, rente- og aksjemarknadane?
Ved Arne Sætre, Eirik Kronstad Johnsen og Jonny Andersen
fra DnB Nor, på Alver hotell.
6. november "SUBSEA I NORDHORDLAND"
Medlemsmøte i samarbeid med NCE Subsea
På Mongstadbases

3. Kurs

26. november Dagskurs mediahandtering (Kursansvarleg Gunnar Vetlejord)

Oppslutninga har vore varierende, avhengig av tema og tidspunkt. Tilbakemeldingar fra deltakarane er gode.

4. Årsmøte og årsfest

Årsmøte og årsfesten vart arrangert på Alver Hotel 19. april 2008.

Etter årsmøtet var det innlegg ved tidlegare redaktør i Strilen, Jon-Hallstein Tjore: Nordhordland – ein stad for draumar?

På Årsfesten om kvelden 19. april var vi 100 gjester til bords. Ein ny vellykka årsfest der RadøyGruppen vart kåra til Årets bedrift for 2007, og Radøy ordførar Jon Askeland heldt festtalen.

5. Lagstur til Rotterdam og Amsterdam

Med 80 deltakarar var lagsturen til Holland 10-12 oktober ein stor suksess. Båtturen i storhamna i Rotterdam var høgdepunktet og sette ein god start på turen, som var svært vellykka, både fagleg gjennom god informasjon om hamna Rotterdam og besøk/orientering hos Frank Mohn Nederland Bv.

6. Strategiplan for 2007 - 2012

Aktivitetsutvalet har gjennom sitt arbeid brukt planen aktivt m.a.

Justering av vedtekter i tråd med utvikling og behov

- Kommunikasjonsutvalet har skifta namn til Aktivitetsutvalet

- Vedtektsendringar framlagt for styret

Arbeidd for å framstå som ein aktiv aktør i media

Skipa til aktivitetar der fleire/mange i bedrifta kan delta

Presentasjon av medlemsbedrifter/erfaringsutveksling

- Styre og utvalsmøte blir haldne hos medlemsbedrifter

C. KOMPETANSEUTVALET

Utvalet har arbeidd med fylgjande saker det siste året:

1. Romjulsbrunchen 30. desember 2008

Føremålet med arrangementet er å knyta kontakt mellom næringslivet i Nordhordland og elevar som har gått ut frå Knarvik og Austrheim vidaregåande skular dei siste fire åra. Primærmålgruppa er dei som no studerer eller ynskjer å få arbeid i Nordhordlandsregionen. Det er og ein god måte å visa fram næringslivet for alle på. Arrangementet vart halde i Knarvik senter frå kl 1300-1700, over 65 personar vart registrert.

NHIL stilte i år med eigen stand i tillegg til dei 16 verksemdene som deltok.

Tilbakemeldingane frå studentane og verksemdene som deltok var eintydige på at arrangementet er ein viktig møtestad mellom lokalt næringsliv og utestuderande ungdom. Romjulsbrunchen fekk brei pressedekning og invitasjonane gjekk ut både i brevform og via SMS meldingar.

Dette var tredje året Romjulsbrunchen vart arrangert. Neste Romjulsbrunch blir tysdag 29. desember 2009 kl 1300 – 1700 i Knarvik senter.

2. Kompetansekurs i Hydraulikk

Knarvik VG skule har for tredje gong arrangert 100 timars hydraulikkurs basert på initiativet NHIL tok. Alle kursa har vore fullbooka.(15 pr kurs)

Opplegget er godt og eit godt døme på tilfredsstilling av lokale kompetansebehov i godt samspel skule/næringsliv.

3. Kompetanseregionen Nordhordland

Dei nye reformene i skuleverket: ”Utdanningsval” og ”Prosjekt til fordjuping” vil krevja betydeleg koordinering mellom elev, skule og næringsliv. Det er avgjerande for suksess.

I Nordhordlandsregionen er det 21 skular. NHIL har difor utarbeidd eit prosjekt som inneber endå større satsing på kompetanse og samarbeid i regionen.

”Utdanningsval” er eit nytt fag i grunnskulen frå 2008. Det skal gje elevane på ungdomstrinnet endå betre kjennskap til utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring. Innføring av faget skal vera med på å skapa eit 13-årig skuleløp for elevane, og knyta grunnskule og vidaregåande opplæring betre saman.

Eit viktig mål er å redusera feilval av opplæring/yrke, feilval utgjer eit stort samfunnsproblem. Faget "Utdanningsval" er obligatorisk frå skuleåret 2008/2009 med eit omfang på minimum 150 undervisningstimar på ungdomstrinnet. God kompetanse må utviklast, dei fleste bedriftene treng hjelp i arbeidet med kompetanseavklaring og kompetanseutvikling. Prosjektet er difor todelt:

Kompetanseprosjektet:

Del 1: Pilotprosjektet

1.august 2008 starta kompetansekoordinatoren arbeidet sitt med Kompetanseprosjektet. I alt er 9 kommunar i regionen med i samarbeidet. 3 vidaregåande skular, 18 ungdomsskular og mange verksemdar/bransjar har vorte knytte saman i eit endå tettare samarbeid. Elevar på 9. og 10.trinnet får hospitera på to ulike utdanningsprogram, og skal deretter 3 dagar ut i yrkespraksis. Kompetansekoordinatoren har også hatt hovudansvaret for Utdanningsmessa 2008, vore medarrangør av Romjulsbrunchen, arrangert rådgjevarsamlingar med fagleg innhald og bedriftsbesøk, og lagt tilrette for nettverksamarbeid der elevbedrifter/ungdomsbedrifter står sentralt. Vidare har det vore fokus på arbeidet med Partnerskapsavtalar mellom skule og bedrift, samt å få lærarar til å hospitera i bedrifter.

Del 2: Hovudprosjektet

Kundar er primært verksemdar i Nordhordland innanfor det private og offentlege. Det vil bli vurdert marknadsføring også mot verksemdar i Bergen Nord. Nordhordlandsregionen har vel 30.000 innbyggjarar. Majoriteten av bedriftene er i storleiken 1 – 20 tilsette. Mellomstore/større bedrifter vil vera målgruppe i starten. Mange bedrifter har etterlyst lokale kompetansehevingstiltak, til dømes innanfor mellomleing, språk, fagkurs osv.

Prosjektet inneber at fase 1 skal finansierast av det offentlege og fase 2 skal vera kommersiell. Vi er svært glade for at Regionrådet og Fylkeskommunen har finansiert år 1 og no gjeve tilsegn for skuleåret 09/10.

Til å drive dette prosjektet er Vivian Kårbø tilsett i stilling som Koordinator frå 1.august 2008. Ho har permisjon frå lærer/rådgjevarstillinga i Lindås kommune, NHIL refunderer Lindås kommune sine kostnader ved at NHIL er prosjektleiar. Til prosjektet mottok vi kr 750.000,- frå Sparebanken Vest sitt allmennyttige fond. Det er vi og svært glad for. Det viser at andre og har tru på dette unike prosjektet som vil bidra til kompetanseutvikling i Nordhordland og erfaringsoverføring til andre regionar.

Langsiktig forankring/organisering blir ei viktig oppgåve framover.

4. Rådgjevarlaget

Kompetanseutvalet har vore pådrivar for å få til eit rådgjevarlag der rådgjevarane i ungdomsskulen er målgruppa. Rådgjevarlaget arbeider for at skulen/elevane skal få meir informasjon om næringslivet, og motsett. Ikkje minst skal det skapa eit godt samarbeid mellom rådgjevarane slik at dei kan dra vekslar på kvarandre. Det er no tredje skuleåret rådgjevarlaget er aktivt, og

oppslutnaden er stor. Rådgevarane har eit møte om hausten og eit om våren der dei vitjar verksemdar og har relevante tema på agendaen. Kombinasjonen av møte og besøk hos verksemdar i regionen er svært vellukka. Til no er nesten alle kommunane i regionen besøkt.

5. Ymse

I dialog rundt nye oppgåver for utdanningsutvalet for våren 2009 vil fylgjande verta prioritert:

Fylgja opp "Kompetanseregionen Nordhordland".

Fylgja opp "Rådgevarlaget"

Arrangere Nordhordlandsmeisterskap i sveising

Lage til Gründercamp

Oppfylgning av VOX midlar frå Staten (auka basiskompetanse til tilsette i verksemdar)

Arrangere Utdanningsmessa for 2009.

Utarbeida ein plan for "Romjultreffet 2009"

Oppfylgning av hydraulikkurset og mogeleg logistikklinje i regionen.

Utvikling av kompetansetiltak innan energi og miljø.

I tillegg til utvalsmøta har formannen og vore i juryen for kåring av beste elevbedrift i samband med Utdanningsmessa 2008.

D. ENERGI- OG MILJØUTVALET

Etableringa av energiverket på Mongstad, framføring av naturgass gjennom 12 tommars rør, vedtak om eit testsenter for utprøving av teknologi og reinsing av CO₂ og BKK sine planar om eit energiverk, eit nytt kraftverk basert på naturgass og full reinsing av CO₂ tilseier at Mongstad vil utvikla seg endå meir som eit energi- og miljøsender. I over 30 år har Mongstad hatt ei sentral rolle i norsk energiskaping, og Modalen og Matre har hatt det i endå lengre tid basert på vasskraft.

Regionen har vore eit nasjonalt energisenter og gjennom statleg engasjement vert det no lagt opp til at Mongstad skal bli eit globalt senter innan energi- og miljøforbetring.

Nordhordland Handverk- og Industrilag sitt standpunkt er at milliardane som skal nyttast, må gje ein langvarig verknad for regionen.

Vi er også tydeleg på at nytting av CO₂ som innsatsfaktor er meir fornuftig enn deponering i Nordsjøen.

På denne bakgrunnen vart det i 2008 etablert eit nytt utval: Energi – og miljøutvalet.

Utvalet har hatt 3 møter hausten 2008. To av møta har hatt som hovudfokus å bli oppdatert på temaet:

- Gassnova har vore og presentert si oppgåve og status for fangst/lagring av CO₂

- Institutt for Energiteknikk har vore og presentert forskingsarbeid som pågår rundt bruk av CO₂ som alternativ til deponering.

Bergensregionen vil stå sterkt i utviklinga av reinseteknologi for CO2. Utviklinga av fornybar energi (bl.a vind) vil også vera eit viktig fagområde. Det å skapa alliansar vil vera eit verkemiddel.

Energi- og miljøområdet vil krevje ny kompetanseutvikling på mange fagnivå. Å leggje til rette for ny kompetanse vil og gje langvarig verknad. Utvalet er framleis i ein startfase, og vil i 2009 arbeida med konkretisering av oppgåver.

Næringskonferansen på Mongstad 09.09.09 har som hovudtema: ENERGI- og MILJØ

FRÅSEGN FRÅ NHIL

Vi har i 2008 bl.a. sendt brev vedrørende:

- Nyborgtunnelen og Nordhordlandpakken
- Storhamn for Bergensområdet – Mongstad
- Næringsarbeid i Lindås kommune
- Støtte til forslag om å utvide industriarealet på Vetås
- Nordhordland som kompetansesenter for oljevern
- Trase/løysning for ny kraftleidning mellom Mongstad og Kollsnes
- Barnehagedekninga i kommunane pr 30.06.08
- Uttale om oppretting av linje for transport og logistikk ved Knarvik VGS
- Tilrettelegging for båthamn/molo i Isdalstø/Knarvik
- Endring av trase for ferje over Fensfjorden

ØKONOMI

Driftsresultatet viser eit overskot på kr 126.222,- og som gir eit årsresultat før ekstraordinære poster på pluss kr1.069.886,-
Sum, ekstraordinære poster er kr 2.460.000,- det gir eit endeleg årsresultat på kr 3.529.886,- Resultatet for 2007 er ekstraordinært og skyldast i hovudsak gevinst på aksjar i Mongstad Vekst AS. NHIL teikna aksjar i 2002 for kr 200.000,-, dei blei selde til BKK for kr 2.660.000,- pr mai 2008.

Styret vil understreka at sjølv om laget sin økonomi er god, og betydelig forbetra dei siste åra, er det overordna årlege mål å vera sjølvfinansierande på driftsrekneskapen. Medlemskontingenten skal vera eit betydeleg bidrag til finansieringa av vanleg drift.

SLUTTORD

Strategiplanen 2007 – 2012 er eit viktig grunnlag i lagets prioriteringar. Alle utvala har planen som eit naturleg grunnlag i sitt arbeid. Styret har kvart år ei samling der berre strategiarbeid og framtidsoppgåver har fokus. Det har vore nyttig.

NHIL har god økonomi. Arbeidet med ”Næringens hus” handlar mellom anna om forvaltning av midlane. Styret ønskjer å bidra til å skape ny aktivitet som kan gje vidareutvikling. Salet av aksjane i Mongstad Vekst AS gjev **moglegheit for ny utvikling.**

Månelandinga er nå blitt eit omgrep knytt til Mongstad. Ved årsskiftet 09/10 er kraftvarmeverket i drift. Reinsinga av CO2 er forsinka, testsenteret vil først i 2011 vera i drift. Det er beklageleg, og NHIL vil vere en pådrivar for framdrift i dette arbeidet.

Også Fylkeskommunen tar aktivt del i moglegheitene for Mongstad. SINTEF har på oppdrag frå fylket utarbeida eit prospekt som danner grunnlag for konkretisering i 2009. Det kan opne for nye moglegheiter.

Arbeidet med **Nordhordlandspakken** har no skifta spor – Nyborgtunnelen står øvst på ei prioriteringsliste, saman med lokale veger i regionen. For NHIL er Nyborgtunnelen ei viktig fanesak.

Kompetanseprosjektet er ei ny fanesak – å utvikle eit endå betre samarbeid mellom skule og næringsliv er eit viktig element. Å sikre at dagens ungdomar er godt informert om både lokale moglegheiter og framtidige behov er også sentralt.

NHIL har tradisjon for å ta initiativ til betre studieopplegg eller kompetanseutvikling t.d. TAF ordninga og aktiviteten ved Opplæringskontoret. NHIL har no også sett i gong tiltak for styrking av basiskunnskap og kompetanseutvikling innan hydraulikk og data. Fleire nye tiltak vil også kome.

Lagsturen til Rotterdam viste tydeleg at omgrepet **Storhamn** verkeleg er stort. Mongstad er eit svært godt alternativ for Storhamn i Bergensregionen – det blir ei viktig sak å arbeide for inntil avgjerda kjem.

Regionrådet vurderer for tida arbeidsoppgåver og organisering. NHIL har lenge anbefalt at **næringsarbeid** og næringsutvikling kan utførast i fellesskap av kommunane. Vi håpar det snart blir ein realitet.

2008 har vore eit spesielt år, første halvår gav ingen tydelege varslar på det som skulle koma i 2. halvår: Behov for innleigd arbeidskraft blei kraftig redusert, nokre bransjar måtte permittere, nasjonal og internasjonal økonomi blei betydeleg forverra.

Vår oppgåve i dette er å tydeleggjere behovet for planer og **tiltak for nye tider** – kursen må endrast for mange.

Heldigvis er Nordhordland betre stilt enn andre regionar, men det må ikkje bli nokon sovepute – alle signal tyder på at både 2009 og 2010 blir tøffe år også i vår region.

2009 blir eit spanande år. Styret er glad for at vi aldri tidlegare har hatt så stor medlemsmasse, oppslutninga om mange av våre aktivitetar gjev nye rekordar. Mange gjer ein svært stor frivillig dugnadsinnsats til beste for NHIL og regionen. Det takkar styret for.